# Referat frå årsmøte i Interesselaget Vangssago 2017

## Sagestovo sundag 8.4.2018 KL. 19.00

Det var 10 medlemer til stades. Styreleiar Terje Hellingsrud ønskte velkomen.

Saker til handsaming

1. **Val av møteleiar og 2 personar til å skrive under protokollen**
   Terje Hellingsrud vart vald til møteleiar og Karin Thauland vart vald til skrivar. Til å underskrive protokollen saman med skrivar, vart Lars Fredheim og Knut Skåla vald.
2. **Godkjenning av innkalling og saksliste**
   Innkalling saksliste vart samrøystes godkjend.

3. **Godkjenning av årsmelding for 2017**:
   Terje Hellingsrud presenterte årsmeldinga som vart samrøystes godkjend.

4. **Godkjenning av rekneskapen for 2017**.
   Jarle Måkestad gjekk gjennom rekneskapen som syner eit underskot på kr. 10.373 i 2017. Laget har pr. 31.12.17 kr 120.073 på bok.

   Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

5. **Godkjenning av budsjettet for 2018**.
   Terje Hellingsrud la fram styret sitt framlegg til budsjett som vart samrøystes godkjend.

6. **Fastsetjing av medlemspengar for 2019**.
   Styret la fram framlegg om å auke kontingenten frå 2019 til kr. 200 kr for einskildmedlemar. Framlegget vart samrøystes godkjend.

7. **Val.**
   Valkomiteen v/Kjell Musland presenterte komiteen sitt framlegg. Leiar og 2 styremedlemmer er på val.

   Styreleiar: Terje Hellingsrud . Vald for 1 år.
   Styremedlem: Olger Leganger - Ikkje på val
   Styremedlem: Jarle Måkestad Ikkje på val.

Styremedlem: Leif Nygård – attvald for 2 år
Styremedlem: Karin Thauland – attvald for 2 år

Valkomité: Gunvald Friheim og Kjell Musland attvald for 1 år.

Revisorar: Kåre Eik og Morten Nygård attvald for eit år.

Det kom ingen andre framlegg. Alle vala vart gjort samrøystes ved akklamasjon. I tråd med vedtektene konstituerer styret seg sjølve.

8. **Innkomne forslag:**
   Det var ingen innkomne forslag.

Møteleiar takka for frammøtet og heva deretter årsmøtet kl. 20.00

Knut E. Skåla

Knut Skåla

Lars M. Fredheim

Lars Fredheim

Karin Thauland

Karin Thauland